

Protokoll frå årsmøte i Ryssholmen båteigarlag - 2026

17.02.2026 kl. 18:00, forsamlingshuset Ljosheim, Ulsteinvik

1. Opning

- 1.1 Velkomsthelsing v/leiar Harald Andreas Sætre.

2. Konstituering

- 2.1 Harald Andreas Sætre valt til ordstyrar.
2.2 Cato Hansrud valt til referent.
2.3 Eldar Vik og Trond Skeide valt til å signere protokoll.

3. Godkjenningar

- 3.1 Innkalling godkjent utan merknadar.
3.2 Sakliste godkjent utan merknadar.

4. Frammøte

- 4.1 34 medlemmar deltok på årsmøtet.
4.2 Det er for tida om lag 160 betalande medlemmar i båteigarlaget.

5. Årsmelding

- 5.1 Årsmelding lest opp av Cato Hansrud.

6. Rekneskap

- 6.1 Kasserar Ole Theodor Hovden informerte om rekneskapen. Informasjonsskriv/vedlegg til rekneskapen (frå Reknehuset) vart lese opp. Etter ei runde med spørsmål/svar vart rekneskapen godkjent utan merknadar.

7. Innmelde saker

7.1 Endring av vedtektene – Forslag frå valnemnda v/Ottar Håkonsholm

Valperiodar for styret, bryggeformenn og valnemnd

Bakgrunn:

Gjeldande vedtekter opnar for at heile styret, alle bryggeformenn og heile valnemnda kan skiftast ut samstundes. Erfaring frå arbeidet i laget viser at dette kan skape utfordringar knytt til kontinuitet, erfaringsoverføring og trygg drift.

Valnemnda har i sitt arbeid sett at:

- manglande overlapping i styret gjer overgangar krevjande
- eittårige periodar for bryggeformenn er for korte i eit teknisk og ansvarsfullt verv
- eittårige periodar i valnemnda gjev lite arbeidsro og svak kontinuitet

På denne bakgrunnen vert det foreslått justeringar i vedtektene, med løysingar tilpassa dei ulike verva.

Vurdering:

Styret

Det vert foreslått å opne for toårige valperiodar og rullerande val, slik at kontinuitet og overlapping i styrearbeidet vert sikra. Det vert foreslått at valde styremedlemmar maksimalt kan ha vervet 6 år samanhengande.

Bryggeformenn

Det vert foreslått at bryggeformenn vert valt for to år om gongen. Samstundes vert det foreslått at bryggeformenn maksimalt kan ha vervet 4 år samanhengande. Dette sikrar både kontinuitet og fornying i vervet.

Valnemnd

For valnemnda vert det foreslått toårige valperiodar for å gi betre arbeidsro og moglegheit til å byggje oversikt og lokalkunnskap. Det vert ikkje foreslått krav om rullering eller overlapping.

Forslaga inneber ikkje at nokon vert pålagt å sitje lenger i verv enn dei ønskjer, men gjev årsmøtet større handlingsrom til å organisere vala på ein meir føreseieleg og robust måte.

Forslag til endring i vedtektene:

§ 4 – VALGBARHEIT (nytt tillegg)

For bryggeformenn gjeld eigne reglar for valperiode og attval, slik det går fram av § 6.

§ 6 – ÅRSMØTET

Pkt. 21 og 22 – Valkomite

Endrast til:

Leiar og medlemmar i valkomiteen vert valde for to år om gongen. Medlemmar av valkomiteen kan ikkje sitje i styret.

(elles uendra)

Pkt. 24 – Bryggeformenn

Nytt tillegg:

Bryggeformenn vert valt for to år om gongen.

Same person kan veljast som bryggeformann i maksimalt fire samanhengande år.

Etter fire år må vedkomande stå over minst eitt val før nytt val kan finne stad.

For sjølvegarbrygger, der bryggeformenn vert valt internt, skal dei same reglane leggjast til grunn.

§ 7 – STYRET (nytt tillegg)

Styremedlemmane skal veljast slik at det vert sikra kontinuitet i styrearbeidet gjennom overlapping mellom styreperiodane.

Styremedlemmar kan veljast for to år, og valperiodane skal fordelast slik at ikkje heile styret er på val samstundes.

Årsmøtet avgjer ved første innføring korleis valperiodane vert fordelte, for å sikre overlapping av styremedlemmane.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek samrøystes at vedtektene bør endrast i tråd med forslaget. Endring i vedtektene skal endeleg godkjennast på årsmøtet i 2027. Årsmøtet gjev valnemnda v/Ottar Håkonsholm mynde til å velje ut to medlemmar frå båteigarlaget som saman med han legg fram endeleg forslag til årsmøtet i 2027.

7.2 Forholdet til grunneigar ved Nordre molo – vidare handtering

Bakgrunn

Styret har over tid hatt ei krevjande sak knytt til grunneigar ved Nordre molo. Det har kome krav om omregulering og økonomisk kompensasjon, mellom anna formulert som «*ein kompensasjon som vil tilsvare av bryggekost D-brygge*». Styret har vurdert krava grundig opp mot gjeldande rett og konkludert med at dei ikkje har rettsleg grunnlag, jf. tomtfestelova og alminneleg avtalerett.

Saka har utvikla seg på ein måte som har skapt betydeleg belastning for styret. Valnemnda har nyleg meldt tilbake at det er vanskeleg å få medlemmar til å halde fram eller stille til val til styret. Årsaka som vert oppgitt, er nettopp situasjonen rundt forholdet til grunneigar ved Nordre molo, som vert opplevd som frustrerende og uuthaldeleg over tid.

Styret har forståing for denne opplevinga, men samstundes er laget nøydd til å halde seg til saka på ein ryddig, strukturert og formell måte.

Styret si vurdering

Styret meiner at vidare handsaming av saka ikkje bør liggje på enkeltpersonar i styret, men handterast meir profesjonelt og samla, både av omsyn til laget, arbeidsbelastninga og styreverva si berekraft.

Det er vidare styret si vurdering at laget må signalisere tydeleg at:

- ein er villig til å stå i saka,
- ein vil føre saklege og ryddige forhandlingar,
- og ein er budd på å nytte juridisk bistand dersom det vert nødvendig.

Merknad: Styret understrekar at dette ikkje er ei personretta sak, men ei sak om prinsipp, rettsforhold og forsvarleg drift av laget. Målet er å finne ei løysing som er berekraftig for Ryssholmen Båteigarlag, og som gjer det mogleg å rekruttere og halde på tillitsvalde også i framtida.

Innspe/presisering frå grunneigar: Presiserer at dei ikkje har kome med krav om omregulering. Regulering var gjort tilbake i 1990, etter press frå båteigarlaget. Det handlar om omlegging av vegen som per i dag går over nausttormt. Grunneigar er også bekymra for tette veiter/tette rør og overvatn slik situasjonen er per i dag. Dette må også utbetrast.

Vedtak: Årsmøtet gjev det nyvalde styret fullmakt til å forhandle fram ein avtale med grunneigar. Dersom det blir behov for juridisk støtte har styret fullmakt til å inngå avtale om ekstern bistand. Det er sett av midlar til dette i budsjettet for 2026. Dersom styret ikkje kjem i mål med ein minneleg avtale ber årsmøtet om at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte for å avklare vidare handtering av saka.

8. **Fastsetting av satsar og godtgjersler**

8.1 Fastsett kontingent frå 2026: kr 1000,-

8.2 Båtplassleige frå 2026:

Plassar under 25 m2 kr 1800,-

Plassar over 25 m2 kr 2000,-

8.3 **Fastsett timelønn ved arbeid på fellesanlegg frå 2026:**

kr 275,-

8.4 **Fastsett godtgjersle til styremedlemmane frå 2026:**

Formann: kr 19000,-

Styremedlem/Kasserar: kr 10000,-

Styremedlem/Nestformann: kr 5000,-

Styremedlem/Sekretær: kr 5000,-

Styremedlem: kr 5000,-

8.5 **Prisar frå 2026 for bruk av:**

Slipp: kr 50 for medlem/kr 200 ikkje medlem

Slipp naust: kr 300,-,+50,- døgn

500 kr i gebyr for ulovleg parkering av båtvogner, som tidlegare fastsett.

8.6 **Straum:** kr 1,5 per kwh frå 2026

9 **Vedlikehald**

9.1 Generelt vedlikehald, 20.000,-.

Diverse som må ordnast gjennom året. Ingen innvendingar.

9.2 Oppgradering av straumnett er ikke ferdigstilt. Kostnad som står att om lag 140.000.- Det som står att gjeld ny kabel frå D-Brygga til E-Brygga. Det blir vist til sak 6, orientering om rekneskapen. Ingen innvendingar.

9.3 Brøyting – S-Maskin. 15.000,-. Ingen innvendingar.

10 **Budsjett**

10.1 Sjå vedlegg i innkallinga. Kasserar gjekk gjennom/orienterte. Ingen innvendingar.

11.

12. **Val av tillitsvalde** (styret konstituerer seg sjølv)

12.1 **Formann:** Leif Halvard Scheide valt for 1 år

12.2 **Styremedlemmar:**

Vegar Alme Ulstein 2 år

Børge Skeide 2 år

Sigbjørn Ulstein 2 år

Oddgeir Nygjerde valt som kasserar. 2 år

Kasserar er ikkje styremedlem.

12.3 **To varamedlemmar** Tove Svensen 1 år igjen

Frank R..Djupvik 1 år igjen

12.4 **Valnemd** Ottar Håkonsholm 1 år igjen

Jørn Skår 1 år

12.5 **Revisor** ikkje pålagt med revisor – går ut

Årsmøtet diskuterte om det bør peikast ut revisor for framtida sjølv om det ikkje er pålagt. Årsmøtet kan bestemme dette, men det vart ikkje gjort noko vedtak i dagens møte.

12.6 **Bryggeformann A-brygga** Pål Apelseth 2 år

Bryggeformann B-brygga Erik Leenders 2 år

Bryggeformann C-brygga Leif H. Scheide 2 år

Bryggeformann D-brygga Karsten Ola Klungsøyr 2 år

Bryggeformann E-brygga Kent Arne Sandsbakk 2 år

Bryggeformann F-brygga Eldar Vik 2 år

12.7 **Anleggsansvarleg - Opptrekk/naust** Trond Skeide

12.8 **Kjøp/sal båtplassar** Styret finn ny ansvarleg

12.9 **Bryggekart** Berit Cecilie Skeide

13 Eventuelt og informasjon

13.1 Ottar Håkonsholm vart trekt ut som vinnar av gratis kontingent for 2026.

13.2 **Båtplassar til leige**

Det er alltid pågang frå folk som er interessert i båtplass. Dei tek kontakt med ansvarleg for kjøp/sal av båtplassar.

Dersom du ikkje skal bruke plassen din denne sesongen, gi beskjed til formann på Ryssholmen@gmail.com. Dersom du skal leige ut kan vi hjelpe å formidle.

Husk at du står fritt til å leige ut til den du vil, men styret MÅ ha beskjed om kven som leiger. All info på heimesida til båteigarlaget, ryssholmen.no.

13.3 **Innløysing av båtplassar**

Styret minner om at eigarar av båtplassar som ikkje er nytta på 5 år blir kontakta for utløysing av båtplassen.

13.4 **Betaling med Vipps**

Vippsnummer til Ryssholmen båteigarlag er: 106313

Det er mogleg å betale med Vipps for bruk av slipp og gjestebrygge, kontingentbetaling og båtplassleige.

13.5 **Medlemmar skal ikkje kontakte rekneskapsfirmaet direkte.**


Bryggeansvarleg og medlemmar skal kontakte styret via mail til Ryssholmen. Båteigarlaget vert fakturert for alle spørsmål kring faktura og anna.

14 Avslutning


Formann avslutta med å takke for oppmøtet og ynskje vel heim.

Årsmøtet avslutta klokka om lag kl. 19:30

Referent



Cato Hansrud



Eldar Vik



Trond Skeide